

# Årsmelding 2017 for Seim songkor

**I året 2017 har styret vore samansett slik:**

**Leiar:** Kenneth Sjo Samuelsen

**Nestleiar:** Knut Atle Johannesen

**Kasserar:** Marit Bøe Vaage

**Referent:** Gudny Sognnes

**Styremedlem:** Tove Legernes og Harald Rongevær

**1.vara:** Ingunn Johannesen

**Valnemd:** Karen Nesse og Bjørg Furnes

**Noteforvaltarar:** Anne Mette Krøger og Anne Britt Risa

**Musikkutvalet:** Hildegunn Sture Sylta, Arve Hopland, Knut Atle Johannesen og Tove A. Holter

Det har vore **7 styremøter** og styret har handsama **43 saker**.

Dirigent for koret i denne perioden har vore Tove Anette Holter.

Året starta med øving 5.januar og årsmøte 16.februar

- **15.januar:** Koret var vertskor for **nyttårskonserter** i Knarvik kyrkje arr. av Korforbundet. 7 kor deltok , Kenneth var konferansier og gjorde ein strålende jobb. Koret fekk inntekt ved sal av mat og drikke.
- **18.mars:** Koret hadde **konsert i Knarvik kyrkje** saman med Kjersti Wiik og John William Kay.
- **19.mars:** Same **konsert** vart halde i **Manger kyrkje**. To flotte konsertar, dessverre berre 86 betalande tilhøyrar. God omtale i begge lokale aviser i ettertid.
- **20.mai: Vennersvennerfest** i Strilatun. AlvidtManger i tillegg til Silje Spurkeland var med og laga ei fin vennefest samt sommaravslutning for koret. DJ Frode Sylta styrte musikken under festen og gav oss god dansemusikk og stemning.

- **25-27.august: Seminar på Glesvær**, oppstart av ny sesong. Marianne Juvik Sæbø var med som instruktør. Ei flott og lærerik helg med som alltid godt sosialt samvær.
- **3-5.november: Korvake på Rørås**. Koret reiste med fly og buss til Rørås for å delta i korvaka. Programmet starta fredag med dirigentkurs for Tove, deretter var det open vurdering av koret i kyrkja, begge deler med den verdskjente dirigent, komponist og arrangør Robert Sund. . Laurdag var det først prøvesang i kyrkja for deretter å delta på formiddagskonsert. Lørdagen vart avslutta med flott sangarmiddag på Rørås hotell.  
Helga vart og nytta til handel, besøk i Olavsgruva og hyggeleg sosialt samvær.
- **15.desember: Konsert med Eikanger-Bjørsvik**. Koret vart invitert av Eikanger-Bjørsvik til å vera med på førjulskonsert i Knarvik kyrkje. Det vart ein fin konsert med godt program og bra oppmøte av publikum. Fin omtale i lokale media i ettertid.
- **23.desember: Julenattkonsert** i Seim kyrkje saman med Frode Skag Storheim og Viljar Rath. Ein flott konsert som fekk svært gode tilbakemeldingar frå publikum.

Gjennom året har koret jobba **112 timar serveringsdugnad** i Strilatun i samanheng med ulike arrangement. Styret takkar medlemmane for godt utført arbeid og vilje til å stilla opp. Me har fått gode tilbakemeldingar på arbeidet.

**3 medlemmer har slutta** dette året,- Torbjørg, Bjarte og Jon, me takkar for innsatsen.

Takk til Tove Anette Holter for god leiing gjennom året og til kormedlemmane for flott innsats i nok eit innhaldsrikt år .

Gudny Sognes

skrivar